

MØTEBOK BARN OG UNGES KOMMUNESTYRE

Møtestad: Hå rådhus
Dato: 06.11.2019
Tidspunkt: Kl. 09:00 - 13:00

Deltakere:

Varhaug ungdomsskule	Maren Auestad
	Aleksandra Årdal Nesvik
	Arnold Johan Skretting
Motland barneskule	Synnøve Bekkeheien Vårdal
	Mira Njærheim Nord-Varhaug
	Endre Støle Vigre
Nærbø ungdomsskule	Eivind Johan Rønneberg Fagereng
	Tiril Cederstrøm Hjertuslot
Høyland barneskule	Jone Grødeland
	Sander Egeland
	Åse Kvitvær Stokkeland
Vigrestad storskule	Mari Vold
	Linus Aksnes (8-10 trinn)
	Christoffer Voll (5-7 trinn)
	Aleksander Voll 5-7 trinn)
	Rebekka Borgenvik (8-10 trinn)
Ogna skule Kari Ueland	Anea U Lokøy (10.trinn)
	Johan Nord-Varhaug (9.trinn)
	Emma Brouwer (8.trinn)
	Noah Haugen (7.trinn)
	Jarand U Lokøy (6.trinn)
	Hanna Friestad (5. trinn)
Bø skule	Titas Kusas
	Iris Bjørheim
	Martin Versland Bjorland

Varhaug barneskule	Andreas L Dyrøy
	Esther Odland
	Sina Ødegard
Tryggheim ungdomsskule	Johannes Fjermestad 8.trinn
	Magnus Anda 9.trinn
	Andreas Whist Haarr 10. trinn

Innkalling: Godkjent
Sakliste: Godkjent
Merknader: Ingen



Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/19	Tema: "Gleding" Hjertesoneprosjekt - søknad om midler til kartlegging av
002/19	skulevegane med elevinvolvering BUK 2019
003/19	Spørsmål til ordføraren BUK 2019
004/19	Fordeling av midler BUK 2019

Samandrag

Sak 001/19 – Tema: «Gleding»

Oddbjørg Vigrestad Mellemstrand hadde eit opplegg om «Gleding». Elevane blei fordelt på tre grupper, og gjekk frå stasjon til stasjon.

1. Kva kan eg gjera for å gleda meg sjølv? Elevane skreiv på gule lappar.
2. Kva kan eg gjera for å gleda andre? Elevane skreiv idear dei hang på «Gledingstreet». Og dei laga kort dei kunne gje til nokon dei ville gleda.
3. Spørsmål og diskusjonar om ulike følelsar.

Etter gruppearbeida presenterte skulane det dei hadde diskutert rundt tema på sine skular.

Konklusjon:

Det er mange ting, små og store, me kan gjera for å gleda andre. Så då er det bare å setja i gang. Gjer det – i dag!

Sak 002/19 Hjartesoneprojekt - søknad om midler til kartlegging av skulevegane med elevinvolvering BUK 2019

BUK- 002/19 Vedtak:

Barn og unges kommunestyre (BUK) oppmodar kommunestyret til å søkja om midler til kartlegging av skulevegane med elevinvolvering. BUK føreslår vidare at elevråda ved skulane får i oppdrag å kartlegga trafikktilhøva rundt og i nærrområda til skulen med tanke på å oppretta hjartesoner.

Sak 003/19 Spørsmål til ordføraren BUK 2019

Spørsmål og svar står i saka.

Sak 004/19 Fordeling av midler

BUK- 004/19 Vedtak:

60 000 kroner blir likt fordelt mellom skulane.

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
001/19	Barn og unges kommunestyre	06.11.2019

Saksbehandlar: Trude Høyland
Sak - journalpost: 19/1698 - 19/31796

Tema: "Gleding"

Oddbjørg Vigrestad Mellemstrand hadde eit opplegg om «Gleding». Elevane blei fordelt på tre grupper, og gjekk frå stasjon til stasjon.

1. Kva kan eg gjera for å gleda meg sjølv? Elevane skreiv på gule lappar.
2. Kva kan eg gjera for å gleda andre? Elevane skreiv idear dei hang på «Gledingstreet». Og dei laga kort dei kunne gje til nokon dei ville gleda.
3. Spørsmål og diskusjonar om ulike følelsar.

Etter gruppearbeida presenterte skulane det dei hadde diskutert rundt tema på sine skular.

Konklusjon:

Det er mange ting, små og store, me kan gjera for å gleda andre. Så då er det bare å setja i gang. Gjer det – i dag!

Bakgrunn for saka:

Ved kvart møte i barn- og unges kommunestyre er det sett eit tema. I 2019 er temaet; GLEDING.

Til diskusjon i skulane

Elevråda på kvar skule får i oppgåve å diskutera:

- Korleis kan me driva gleding?
- Kven kan me gleda?
- Kva kan me gleda med?
- Du er god nok

Oppdrag

Har din skule nye idear som kan delast med andre?

Kvar skule skal koma fram til «sine» 5 punkt:

- Korleis gleda andre?

Desse punkta skal presenterast i møtet. Presentasjonen kan skje både frå talarstolen og ved bruk av andre kreative måtar (plakater mm).

Gruppearbeid og aktivitetar

Det vil i denne saka bli lagt opp til gruppearbeid og aktivitetar på tvers av skulane og alderstrinn.



Etter gruppearbeida presenterte skulane det dei hadde diskutert på skulane om gleding oppsummert i fem punkt:

Tryggheim ungdomsskule

Viktig å både glede seg sjølv og andre

- Gi skryt

- Seie hei og god morgon med eit smil kvar dag
- Hjelp andre til å meistre noko
- Vere inkluderande og invitere andre med på trening, riding, selskap, i gjengen
- Ta deg tid til å høyre på det andre vil sei til deg

Varhaug ungdomsskule

Ogna skule

- Smile til alle
- Inkudere alle
- Gjere ting for andre
- Overraske andre
- Gjere gilde ting saman med klassen for å få eit godt miljø

Varhaug skule

Bø skule

- "Gledeminutt" i klasserommet (gå rundt og seie fine ting til kvarandre)
- Variert undervisning vil skape meir glede på skulen
- Gledebingo (i rutene står ulike positive ting du kan gjere for andre)
- Hemmeleg venn (trekke lapp, gjere noko fint for den personen gjennom veka. Gjette på slutten kven som var den hemmelege vennen!)
- For å sikre at alle har nokon å vere med i friminutta, kan læraren spør før friminutt kva elevane har lyst til å gjere. Så kan ein vere med på den aktiviteten ein vil.

Vigrestad storskule

Korleis gleda andre?

- Smile
- Snakka fint til kvarandre
- Inkludera
- Seie hei
- Hjelp dei som treng det

Motland skule

- Vere hjelpsam
- Vere venleg
- Inkludere
- Trøste
- Smile

Høyland skule

- Smila til andre, og sei 'god morgon' 'hei' eller spør korleis dei har det.
- Vera greie med andre, både med språk og haldningar. La kroppsspråket fortelja det same som det du seier.
- Inkludera alle i leik. Spør om andre vil vera med og få med alle som har lyst.
- Ha 'Hemmeleg venn'.
- Ja-regelen Det vil sei at me alltid skal sei ja når nokon kjem og vil være med i leiken

Nærbø ungdomsskule

- Gi komplimenter
- Stille opp for hverandre
- Overraske noen med omtanke
- Inkludere alle
- Gi et smil

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
002/19	Barn og unges kommunestyre	06.11.2019
	Kommunestyret	

Saksbehandlar: Trude Høyland
Sak - journalpost: 19/1698 - 19/30656

Hjartesoneprojekt - søknad om midler til kartlegging av skulevegane med elevinvolvering BUK 2019

Rådmannen si innstilling:

Barn og unges kommunestyre (BUK) oppmodar kommunestyret til å søkja om midler til kartlegging av skulevegane med elevinvolvering. BUK føreslår vidare at elevråda ved skulane får i oppdrag å kartlegga trafikktilhøva rundt og i nærrområda til skulen med tanke på å oppretta hjartesoner.

06.11.2019 Barn og unges kommunestyre

Møtebehandling:

Ogna skule, Bø skule, Varhaug skule, Nærbø ungdomsskule og Vigrestad storskule hadde innlegg om trafikkutfordringar rundt sine skular.

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedtatt.

BUK- 002/19 Vedtak:

Barn og unges kommunestyre (BUK) oppmodar kommunestyret til å søkja om midler til kartlegging av skulevegane med elevinvolvering. BUK føreslår vidare at elevråda ved skulane får i oppdrag å kartlegga trafikktilhøva rundt og i nærrområda til skulen med tanke på å oppretta hjartesoner.

Bakgrunn for saka:

Søknad om støtte til trafikksikringsarbeid

Hå kommune kan søkja om 50 000 kroner frå Rogaland fylkeskommune og Trygg Trafikk Rogaland til kartlegging av skuleveg med elevinvolvering og/eller til hjartesone-arbeid. Det er Fylkestrafikksikkerhetsutvalget (FTU) som står for tildelinga. FTU er eit politisk utvalg, som arbeider med trafikktryggleiksspørsmål som fylkeskommunen har ansvar for.

Pengane gir dei for å auka innsatsen i trafikksikkerhetsarbeidet i kommunane i Rogaland. Midlane skal kommunane nytta til å få eit betre fagleg grunnlag for å gjera skulevegane i kommunen tryggare. Pengane kan til dømes brukast til å kartlegga hjartesone og skilta/merka rundt skulane, eller til dømes gjennomføra Barnetråkk-kartlegging.

Kva er ei hjartesone?

Hjartesone er eit prosjekt som skal hjelpa til å få mindre biltrafikk rundt skulane. Ei hjartesone rundt skulen gjer det sikrare for elevane å gå eller sykla. Ei hjartesone er ikkje eit ferdig produkt, men ein prosess som består av både små og store tiltak. Nokre tiltak tar det kort tid å få på plass, mens andre kan vera meir krevjande og ta lengre tid å gjera noko med.

Kva er barnetråkk?

Barnetråkk er eit digitalt verktøy og undervisningsopplegg som lar barn fortella planleggarar, kommunen og lokalpolitikarar korleis dei brukar staden dei bur og kva dei vil endra på.

Vurdering:

Barnetråkk-kartlegging

Hå kommune gjennomførte Barnetråkk-kartlegging på Nærbø våren 2017 og Varhaug hausten 2018. Som eit ledd i kartlegginga av trafikktryggleiken i Hå kommune ynskjer rådmannen å fortsetja med Barnetråkk-kartlegging ved skulane som ikkje nyleg har gjennomført slik registrering.

Elevinvolvering

For å sikra elevinvolvering foreslår rådmannen at elevråda på skulane får i oppdrag å kartleggja trafikkutfordringane, og greia ut moglegheitane for hjartesoner ved sine skular. På bakgrunn av kartlegginga kan elevråda føreslå passande tiltak.

Korleis kan ein lage hjartesoner?

Det finst ikkje ei ferdig oppskrift på kva som er ei hjertesone, og det er mange måtar å laga ei hjertesone på. Hjertesona må tilpassast trafikkmiljøet og moglegheitane ved kvar skule. Mange elevar blir køyrde til og frå skulen, og ved nokre skular kan mange bilar bidra til å gjera trafikksituasjonen uoversikteleg. Ved andre skular held til dømes både bilistar og syklistar høg fart, eller det kan vera andre utfordringar som skapar farlege situasjonar.

På kva måte kan ein bruke midla?

Midla kan til dømes nyttast til å etablere droppsoner, mala «hjertesone» på bakken, setja opp skilt, kjøpa refleksar og vestar til trafikkvakter. Det kan arbeidast med haldningsskapande arbeid overfor elevar og foreldre, arrangerast hjertesone-kick-off med åpning av ordførar, utdeling av refleks til alle elevar m.m.

Vedlegg:

NynorskFolder_Hjertesone_
Profilmanual_Hjertesone_Bokmål
Hjertesonesangen tekst



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
003/19	Barn og unges kommunestyre	06.11.2019

Saksbehandlar: Trude Høyland
Sak - journalpost: 19/1698 - 19/30666

Spørsmål til ordføreren BUK 2019

Rådmannen si innstilling:

06.11.2019 Barn og unges kommunestyre

BUK- 003/19 Vedtak:

Bakgrunn for saka:

Det er opna opp for at elevråda kan stille spørsmål til kommuneleiinga, og aktuelle personar vil svara på desse. Ein kan spørje om akkurat det som ein har lyst til.

For at kommuneleiinga skal kunne gje gode svar, har elevråda sendt inn ulike spørsmål på førehand

Spørsmål frå elevane til BUK 2019

Varhaug skule

- Elevar brukar mykje tid på skulen, og når vi kjem heim må vi gjere lekser. Lekser kan vere utfordrande for mange, særleg for dei som treng mest hjelp, eller dei som er skuleleie. Har Hå kommune vurdert å innføre leksefri på skulane, slik at elevane kan bruke fritida si til andre aktivitetar?

Skulesjef Trond Egil Sunde svara:

Eg har sjølv hatt lekser og av og til kjent at eg skulle hatt mindre lekser og også hatt leksefri. Skulle gjort så mykje anna.

Det står ingen plass at elevar skal ha lekser. Men det har blitt ein tradisjon å gi lekser. Undersøkelser viser og at lekser har effekt om dei vert gitt på rette måten. Då handler det om å øva/repetera ting de allereie har lært.

Det er opp til kvar enkelt skule å vurderer om lekser skal gis. Eg synes de skal be rektor om eit møte, for å prøva å finna ei ordning der de kanskje kan finna ei ordning, om ikkje leksefri, så i alle fall ei bevisst haldning til lekser.

- Elevane på Varhaug er opptekne av miljø og tryggleik. Difor lurar vi på om det er planar for meir lys rundt forbi, særleg ved Reiestadvegen, Elgane og Skretting, og om det kan kome fleire søppelkasser i sentrum?

Ordførar Jonas Skrettingland svara:

Det er fleire spørsmål om gatelys, så eg vil svara på dei under eitt:

Det koster om lag kr 1 100 000 pr km å bygga gatelys. Straumutgifter kjem i tillegg. Kommunen har ikkje avsatt pengar til store investeringer i gatelys.

Hå kommune har ansvar for nokre vegar i kommunen, Rogaland fylke har ansvar for dei større vegane. Det er ofte langs dei større vegane det vert laga gang- og sykkelstiar, og det er då Rogaland fylke som har ansvar for gatelys.

Fylket har prioritert gatelys høgt denne siste perioden, og det har vorte sett opp mykje gatelys i samsvar med kommunen sine ønskjer.

Tilbake i 2016 i kommunestyresak 14/16 gjorde kommunestyret eit vedtak om kor dei ville prioritera gatelys. Mange av dei vegane som stod på denne lista har nå gatelys, eller er i ferd med å få gatelys, så som Oppstadvegen, langs 44 frå Vigre til Grødaland, kyrkjevegen mellom Odland og Vigrestad, Torlandsvegen m. fl.

Det føregår eit arbeid med å sjå på fordelinga av vegane, kva for nokre som kommunen skal ha ansvar for, og kva for nokre fylket skal ha.

Så snart dette arbeidet har vorte ferdig, må Hå kommune sjå på si prioritering av gatelys.

Det som de kan gjera, er å skriva til Hå kommune v/kommunalsjef for tekniske saker og næring for å gje innspel slik at dei kan ha desse innspela med når dei skal fornya prioriteringslista si.

Det vil skje i ei sak som Utval for tekniske saker og næring behandlar, og som kommunestyret i neste omgang vi gjera vedtak om.

Litt usikkert kva tid saka vil koma, men innspel kan venta til saka skal behandlast.

- Skulen vår er for tida ein byggeplass. Dette gjer at uteområdet vårt er ganske avgrensa. Er det nokre planar for utbetring av uteområdet når skulen er ferdig bygd?

Ordførar Jonas Skrettingland svara:

Uteområdet Varhaug skule.

Det er bra at Varhaug skule no vert utbygd. De har hatt det trongt i mange år, og det har vorte brukt rom til undervisning som ikkje har vore gode nok.

Då kommunestyret vedtok å bruka over 115 millionar kroner til å utvida skulen, var det ein del som sa at vi burde setja av pengar til å oppgradera uteområdet slik at det kunne vera som på Bø skule, eller på Ognå.

Kommunestyret såg ikkje at det kunne finna meir pengar enn dei 115 millionane i denne omgangen. Det er likevel sett av over 6 millionar til oppgradering av alle uteområda ved skulane, og Varhaug er med i dette programmet.

Det betyr at uteområdet skal verta fint og skikkeleg, med det som høyrer til eit uteområde på ein barneskule. Uteområdet skal utbetrast slik at det er nytt og fint og skikkeleg, men det er ikkje sett av pengar til skatebane eller aktivitetspark utover den Tarzan-løypa, ballbinge og det som har vore før.

Bø skule

- Kva går arbeidet som ordførar ut på? Har du fri nokon gong så du kan vere med familien? Kan du og fortelje om interessene dine. Kva fotballag heiar du på?

Ordførar Jonas Skrettingland svara:

Arbeidet som ordførar.

Svært variert. Må lesa ganske mykje sakspapir. Skal leda ein del møter. Skal representera kommunen i ein del møter på fylket. Representerer kommunen i ein del styrer. Møter varaordførar og rådmann. Deltok på ein del arrangement med opning, helsing. Ikkje så mange snorer og selskapelegheter som folk trur.

Vanlegvis kontordag pluss ein del kveldar.

Litt travelt, men har tid til å vera med kone, 3 barn og 7 barnebarn. Samlast gjerne på sundagen til middag eller «kaffi».

Interesser:

Likar å lesa bøker, gå tur i naturen, gå på ski/rulleski.

Kan godt hjelpa til på gard, eller med snikring og praktisk arbeid

Har ikkje noko favorittfotballag i England. Er glad når Viking gjer det godt, og heiar på Varhaug når dei spelar mot Vigrestad.

- Har kommunen planar for utvikling av Nærbø?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Hå kommune har store planer for Nærbø sentrum

Vi har nylig fått vedtatt en stor plan for sentrum av Nærbø – en sentrumsplan.

I den har vi sagt noe om hvordan sentrum skal utvikle seg.

Akkurat nå jobber vi med å få regulert område rundt torget slik at vi kan utvikle det på best mulig vis – og samtidig ta vare på torget og det grønne.

I budsjettet som rådmannen la fram i går – ligger det inne flere millioner til det vi kaller Sambrukshuset.

Dette er et bygg som vil komme på torget som skal inneholde helsefunksjoner som lege, familiesenter og helsestasjon. I tillegg er målet å flytte biblioteket og kulturskolen ned til torget og Sambrukshuset.

Vi håper at vi med dette kan få økt aktivitet og attraktivitet i sentrum – og at Sambrukshuset og området rundt kan bli en god møteplass for alle.

- Kan vi få vegbelysning langs Gudmestadvegen mot Njølstad?

Ordførar Jonas Skrettingland har svara på dette tidlegare.

- I fjor vart det tatt opp om vi kan få mindre lekser/ leksefri skule (og heller lengre

skuledagar). Har ein jobba med dette i kommunen sidan då? Evt korleis?

Skulesjef Trond Egil Sunde svara:

Me har hatt dette oppe med rektorane at dette kom opp på barn og unge sitt kommunestyre sist år. Eg skal i dag informera om at dette kom opp på ny, slik at dei er klar og veit om at nokre av dykk ynskjer å ta dette opp.

Når det gjeld lengre dagar har me vurdert det, men pr. nå ikkje gått vidare med det. Skal me ha lengre dagar vert det færre lærarar resten av dagen. Det trur ikkje me er lurt.

- Folkebiblioteket på Nærbø er ein populær plass for barn og unge å vere. Det er fint å sitje der og gjere lekser. Men det er ikkje så mange sitjeplassar. Kan det vere aktuelt å få meir møbler der, så det er plass til fleire?

Kommunalsjef for opplæring og kultur Waldemar Pettersen svara:

Det er kjekt å høyre at biblioteket er ein populær plass å vera for barn og unge. Det tyder på at dei tilsette på biblioteket gjer ein veldig god jobb. Eg har snakka med kultursjefen om dette. Ho vil be biblioteksjefen om å kartlegge behovet for meir møblar.

Nærbø ungdomsskule

- Tennisbane på Nærbø

Kommunalsjef for opplæring og kultur Waldemar Pettersen svara:

I Hå er det idrettslaga som bygger og eig dei aller fleste idrettsanlegga. Idrettsrådet, i samarbeid med idrettskonsulent, set opp ei prioritert liste og ordnar køen for å få tippemidler til anlegg. Medlemmane i idrettsrådet er valt av idrettslaga i Hå. Både idrettsrådet og kommunen ønskjer eit breiast mogleg tilbod, men i og med at det krev mykje dugnad og eigeninnsats, er det til slutt opp til idrettslaga kva type anlegg dei ønskjer å bygge. Det er to tennisbaner på Varhaug.

- Tilbud om friidrett

Ordførar Jonas Skrettingland svara:

I Hå samarbeider vi med 17 idrettslag om tilbud innan idretten. Vi brukar 9,5 millionar kroner i året til støtteordningar til idretten.

Dersom det er aktivitetar som vi ikkje har, må det i praksis enten verta eit nytt idrettslag som vert etablert, eller eit eksisterande idrettslag som tek opp tråden.

Idrettslaga samarbeider i eit idrettsråd, og det er dette idrettsrådet som representerer alle idrettslaga i møte med kommunen.

Eg tenkjer at vi har så mange tilbud, at Hå komune ikkje kjem til å ta initiativet til nye. Kjem det initiativ gjennom idrettsrådet, vil vi forhalda oss til det i samsvar med dei spelereglane vi har laga når det gjeld støtte til idrettsanlegg og til idrettslag innanfor det budsjettet kommunestyret vedtek kvart år.

- Flere søppeldunker

Ordførar Jonas Skrettingland svara:

Søppeldunkar

Dette er eit spørsmål som har vore framme tidlegare.

Vi vil ha reine sentrum og reine turområde, og då kan det vera greitt å ha søppeldunkar der vi kan kaste frå oss søppelet.

Så er det slik at søppeldunkar må tømmast, og ofte vert dei herpa og må vedlikehaldast. Dette kostar pengar, og den avdelinga i kommunen som har med tekniske saker å gjera, anbefalar ikkje å setja opp mange søppeldunkar. Dei meiner at det kostar mykje, og folk er likevel sløve til å bruka dei.

Når vi ber med oss mat på tur, kan vi bera innpakning og søppel med oss heim.

Når vi kjøpet i kioskane, har kioskane ansvar for å ha søppeldunkar ved butikken.

Vi vil ha det reint. Det viktigaste vi kan gjera med det, er å la vera å kasta frå oss plast, papir og anna søppel ute, men ta det med oss heim igjen, eller til butikken der vi kjøper varene.

- Ungdomsklubb flere dager

Ordfører Jonas Skrettingland svara:

Ungdomsklubb

Det er eit spørsmål om pengar.

Det har vore mykje diskusjon om ungdomsklubbar i kommunestyret det siste året. Det har vore ynskje om å få til kommunale ungdomsklubbar på Vigrestad og Ognå. Rådmannen har svart at det ikkje er nok pengar til det.

Kommunestyret gjorde så eit vedtak om å sjå på behova på Ognå og Vigrestad, særleg å finna ut kva ungdommane sjølv ønskjer, om det er viktigast å ha klubben nær, eller om det er viktigast med litt større miljø og anledning til å møta ungdommar frå dei andre bygdene.

Rådmannen har vore skeptisk ettersom vi ikkje har budsjett til å utvida tilbodet.

Når då spørsmålet er fleire dagar i dei eksisterande, tenkjer eg at det kjem i andre rekkje. Vi vil først vurdere å utvida med fleire plassar, før vi vurderer å utvida tilbodet i dei eksisterande fritidsklubbane.

- Flere benker/ plass å sette seg ned

Skulesjef Trond Egil Sunde svara:

Rådmannen forklarte tidlegare om hennar oppgåver. Deriblandt å leggja fram forslag til budsjett for neste år. Forslaget som rådmannen la fram i går innehaldt blant anna om å laga ny kantine på skulen. Då trur eg at de får både fleire sitjeplassar og ei betre kantineløysing enn se har i dag. Det håper eg blir bra.

Tryggheim ungdomsskule

- Gudmestadvegen er skuleveg for ein del barn og ungdommar på Nærbø, men denne vegen er veldig mørk nå om vinteren. Kjem det snart gatelys på Gudmestadvegen?

Ordfører Jonas Skrettingland har svara på dette tidlegare.

- Trappa i jernbaneundergangen på Varhaug har mange hull og folk kan lett snuble og falle. Kva tid vil kommunen fikse denne trappa?

Ordførar Jonas Skrettingland svara:

Trappa i undergangen på Varhaug

Arbeider med sentrumsplan for Varhaug.

Ny og utvida undergang mellom Stasjoen Pub og gamle handelslaget.

Vil ikkje bruka myje pengar på å utbetra den gamle undergangen.

Går der ofte sjølv, og har ikkje kome på at det var farleg.

Skal likevel be dei i avdeling for tekniske saker sjå om det er farleg.

Så er det kanskje eit spørsmål om det er kommunen eller Jernbanen som er ansvarleg.

Er det farleg, må vi uansett sjå på det.

Høyland skule har sendt inn forslag til tips til aktuelle saker som BUK kan behandla:

- Nye vindu på Høyland skule

Kommunalsjef for opplæring og kultur Waldemar Pettersen svara:

Dette har tatt for lang tid, men vindu er på vei.

- Trygg skuleveg. Fleire elevar føler at skulevegen kunne vore tryggare.

Ordførar Jonas Skrettingland svara:

Dette er oppe som eiga sak. Hå kommune prioriterer å bruka ganske mykje pengar på flaumsikring og oppgradering av avløpssystema desse åra, og har sett lite pengar av til veg. Det er likevel slik at når det er snakk om sykkelveg, eller trafikksikringstiltak, så prøver vi å gjera tiltak der det er mange som brukar vegen som skuleveg.

- Undergangen ved Nesheim, det er nokre humper der som gjer det vanskeleg å sykla, og så er det litt krapp sving i sjølve undergangen som fører til dårleg sikt.

Ordførar Jonas Skrettingland svara:

Dersom det er humpar, må vi sjå på dei, om massane har sige eller noko slikt.

Når det gjeld sikt, er gang- og sykkelvegen bygd etter planar som Vegvesenet har godkjent.

Skulle svingen ha vore annleis, hadde det rimelegvis vorte mykje dyrare, og det hadde gått med meir jord til å byggja.

De må rett og slett berre sykla litt forsiktig slik at det ikkje oppstår fare.

Vigrestad storskule

- Savner flere sykkelstier og lyktestolper på Vigrestad, særlig mot Aniksdal og Hårr for å trygge elevene som sykler der.

Ordfører Jonas Skrettingland svara:

På same måte som for gatelys, er det laga ei prioriteringsliste for sykkelstiar. Aniksdalsvegen frå Vigrestad til Hadlandsvegen står på denne lista, men eit godt stykke nedpå lista. Det er Rogaland fylke som har ansvaret, og dei har prioritert sykkelsti langs FV 44 no i det siste. På same måten som for gatelys, er vegen å gå dette å få politikarane i Utvalg for tekniske saker og næring til å sjå på dette neste gong dei skal arbeide med prioriteringslista.

Elles er det nok rett å seia at Hå kommune har lagt meir vekt på flaumsikring dei siste åra enn vegbygging, og rådmannen føreslår i økonomiplanen for dei neste åra å bruka pengane på flaumsikring meir enn vegar og sykkelstiar.

- Mange ungdommer og barn på Vigrestad savner flere utendørstilbud. Elevrådet ønsker flere utendørs aktivitetsmuligheter på Vigrestad, f.eks skatepit, flere lekeplasser, sykkeløyper. Er dette noe som er mulig?

Kommunalsjef for opplæring og kultur Waldemar Pettersen svara:

Kommunen har ingen planar på Vigrestad foreløpig, men har årleg kontroll på leikeplassane. Det er imidlertid eit flott skateanlegg på Oгна skule som er veldig populært. Vigrestad IK planlegg ein flott aktivitetspark på området nedanfor fotballbanen ved Industrigata. Her blir det parkourområde, Street-workout, hinderbane, ballbinge/multibinge og andre spennande aktivitetsfelt.

Det er nyleg bygd gapahuk, utandørs klatreanlegg og fleirbruksbane i Stokkalandsmarka. Det er og planar for oppgradering og utviding av lysløypa i Haugstadskogen. Dette er det Hå kommune og Stokkalandsmarka vellag som har stått for.

- Hvor er Vigrestad storskule sin plass i køen for å få byttet kunstgress i ballbingen?

Kommunalsjef for opplæring og kultur Waldemar Pettersen svara:

Vigrestad storskule har ikkje søkt midlar til rehabilitering av kunstgras i ballbingen. Dette kan elevrådet melde opp som sak til rektor.

Varhaug ungdomsskule

- Hvilke planer har kommunen med sentrum på Varhaug?

Ordfører Jonas Skrettingland svara:

Vi arbeider med ein sentrumsplan for Varhaug. Ein del av dykk har alt kome med innspel til planen. Viktigaste grepet er å tenkja møteplassar og aktivitet i sentrum av Varhaug. Ein skikkeleg undergang frå rådhusgata under jernbanen mot Trekløveren barnehage og skulen er eit at grepa. Meir tett og låg bebyggelse i staden for høge blokker er eit anna. Opne fasadar i staden for tette betongveggar i butikkbygga er eit anna grep.

Mi anbefaling er: Få med dykk lærarane til å sjå på skisser og tankar, og kom med kommentarar.

- Hvordan tenker kommunen om fornying/renovering av skuler framover? Vi ønsker å fornye skulen vår.

Skulesjef Trond Egil Sunde svara:


Skulebruksplanen skal bli revidert neste haust. Her ser vi både på bygningane og behov for elevplassar. Det same blir gjort i barnehagebruksplanen med barnehagane. Ut frå dette blir det lagt fram forslag til politikarane om eventuelle oppgraderingar og nye investeringar. I tillegg har eigedomsavdelinga oversikt over kva slag vedlikehald som er naudsynt på den enkelte skule. Det er ingen planar om å gjere store oppgraderingar på Varhaug ungdomsskule.

- På skulen vår har me helsesykepleier innom ein gong i veka. Me har og obligatorisk samtale i 8.trinn, men ønsker tettere oppfølging med samtaler kvart år. Kva tanker har politikarane om dette?

Rådmann Anne Berit Berge Ims svara:

Vi har ikke lagt opp til å bruke mer penger på dette. Men vi jobber med å få helsesykepleiere mer tilgjengelig gjennom bestilling av time på nett.





Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
004/19	Barn og unges kommunestyre	06.11.2019

Saksbehandlar: Trude Høyland
Sak - journalpost: 19/1698 - 19/30668

Fordeling av midler BUK 2019

Rådmannen si innstilling:

06.11.2019 Barn og unges kommunestyre

BUK- 004/19 Vedtak:

60 000 kroner blir likt fordelt mellom skulane.

Bakgrunn for saka:

BUK = Barn og unges kommunestyremøte

Kvar skule førebur eit forslag til kva beløp på 60 000,- skal bli brukt til. Det vert laga forslag ut frå desse kriteria:

- Pengane må brukast på aktivitetar, arrangement eller «ting» som kan nyttast av barn og unge på tvers av der dei bur.
- Føremålet er ikkje knytt til ein bestemt skule
- Undersøk kva tiltaket kostar, slik at det er gjennomførbart for 60 000,-

Midlane har tidlegare blitt delt ut til:

2014: Aktivitetsdag

2015: Aktivitetsdag

2016: Ungdomstrinnet: Aktivitetsdag

Mellomtrinnet: Kreftforeninga og utstyr til kvar enkelt skule

2017: Ungdomstrinnet: Beløpet blir fordelt ut til kvar enkelt skule

Mellomtrinnet: Beløpet blir fordelt ut til kvar enkelt skule

2018: Aktivitetsdag/kanonballturnering med grilling av pølser i Loen. Eit arrangement for mellomtrinna og eit arrangement for ungdomsskulane. Pengane skal brukast til skyss og mat.

Det vil ikkje lenger vera anledning for elevane å koma med forslag om felles aktivitetsdag.

Erfaring har vist at det er svært vanskeleg å gjennomføra felles aktivitetsdagar. Ein stor del av tildelte midler går til transportkostnad. Det er ressurskrevjande å planlegga og å gjennomføra slike dagar.

Vedtak som blei gjort i denne saka i 2018, vart ikkje utført. Pengane vart delt mellom skulane. Så var det opp til kvar skule å bruka dei på «sin» måte.

	Skule	Forslag
1	Bø	<i>Miljødag for alle skulane, rydding av plast (og anna avfall) i lokalmiljø. Vi ser for oss at pengane blir brukt til utstyr/ saft etc. Sidan vi gjer ein dugnad for fellesskapet i kommunen, kan kanskje kommunen hente inn avfallet og køyre det til miljøstasjonen?</i>
2	Tryggheim	<i>Foreslår å bruke pengane på lage eit Beat the street spel slik som dei har i Sandnes https://beatthestreet.me/sandnes/forside</i>
3	Motland	Felles spelekveld
4	Ogna	Fordela pengane mellom kreftomsorg Rogaland og SeMeg stasjonen
5	Varhaug, Høyland, Varhaug ungdomsskule, Vigrestad storskule	60 000 kroner blir fordelt likt mellom skulane.

Ved prøverøysting fekk:

Forslag 1 3 røyster

Forslag 2 0 røyster

Forslag 3 0 røyster
Forslag 4 11 røyster
Forslag 5 17 røyster

Ved alternativ røysting mellom forslag 4 og forslag 5, blei forslag 5 vedtatt med 19 mot 12 røyster.

